

**Kristenretten på Moster i 1024**

**1000-årsjubileum 2024**

**Forprosjekt våren 2018**

## 0.1 Føreord

Kristenretten som Olav Haraldsson og bisp Grimkjell med fylgje slo fast på Mostratinget i 1024, var den fyrste i Noreg og markerer det gjennomgripande historiske sédskiftet frå norrøn- til kristen lovgjeving og samfunnsorden. Noreg vart med Kristenrettane innlemma i samtidas kristne og europeiske modernitet der menneskeverd og respekt for livet hadde fått sentral plass. Blodhemn som kollektiv straff for individuelle lovbrott vart forbode, utsetjing av born likeså. Frigjeving av træljar vart lovfesta om enn med ein træl i året i tinglaget, og bloting og eting av hestekjøtt vart forbode. Kristenretten på Moster skulle bli vesentleg for utviklinga av det norske samfunnet heilt fram til vår tid, og fekk slik sett langt større konsekvensar enn bisp Grimkjell og Olav Haraldsson kunne føresjå då dei møtte dei frie bøndene på Mostratinget med sitt nye lovverk i 1024.

Like mykje og meir enn ei feiring av det som skjedde på Moster for 1000 år sidan, gjev eit jubileum oss som nasjon, region og lokalsamfunn høve til å diskutera kva som er og bør vera sameinte verdiar i vår tid.

«År 2014 samlet Olav Haraldsson til kirkemøte på Moster – stedet der Olav Tryggvason hadde bygget den første kirke i Norge i 995. Herfra ble det både organisert en rikskirke – en bedrift som går langt ut over kristningen som var begynt i tiårene før. Og herfra kom den første omfattende kirkelovgivning, som senere gikk under navn av «Hellig Olavs lov». Den skulle gjelde for alle innbyggerne i Norge, og ble dermed ikke bare en kirkelov, men den første egentlige landslov. Den regulerte ikke bare det religiøse liv ved å forby de gamle norrøne, hedenske ritene, men også ved å fastsette pliktene og organisere forholdet menneskene i mellom i dagliglivet».

*Gudmund Hernes:*

*«Slagplan, Et mulig opplegg fram til nasjonaljubileet 2030» (for Stiklestad Nasjonale Kultursenter).*

«Ingenting er hellig lenger, vi trenger noen av de verdiene som kristendommen holder, selv vi som ikke er kristne».

*Mimir Kristjansson, på Kirkemøtet 12.04 (Debatten, NRK)*

# Innhald

0.1	Føreord.....	s. 2
0.2	Innhaldsliste .....	s. 3
0.3	Bakgrunn og mål.....	s. 4
0.4	Oppsummering og tilråding .....	s. 5
<b>DEL 1 Legitimitet</b>		<b>s. 7</b>
1.1	På historisk grunn .....	s. 7
1.2	Milepålar.....	s. 8
<b>DEL 2 Organisering</b>		<b>s. 9</b>
2.1	Selskapsformer .....	s. 9
2.2	Erfaringar .....	s.10
2.3	Vurdering av samarbeids- og selskapsform.....	s.10
	2.3.1 Moster 2024 AS.....	s.11
2.4	Aktuelle støttespelarar .....	s.12
	2.4.1 Norge i 1000 år.....	s.12
2.5	Organisasjonskart .....	s.14
2.6	Tidlege oppgåver .....	s.15
2.7	Økonomi .....	s.15
	2.7.1 Budsjett .....	s.16
	2.7.2 Finansiering.....	s.17
<b>DEL 3 Innhald i jubileet</b>		<b>s.17</b>
3.1	Tiltak .....	s.18
	3.1.1 Lokale tiltak .....	s.18
	3.1.2. Regionale tiltak .....	s.19
	3.1.3. Nasjonale tiltak .....	s.20
3.2	Etter jubileet .....	s.21

### 0.3 Bakgrunn og mål

Bømlo kommunestyre og Hordaland fylkeskommune vedtok våren 2017 å samarbeide om eit forprosjekt til eit riksjubileum på Moster i 2024. Forprosjektet vart iverksett 1.april 2018 med levering av denne rapporten 1.juli. Mandatet var å skape eit best mogleg grunnlag for eit hovudprosjekt som kan sikre gjennomføring av eit 1000-års jubileum med høg kvalitet og stor relevans for det norske samfunnet - både lokalt og nasjonalt.

Der 1995-jubileet på Moster hadde *Kyrkja i Noreg 1000 år* som tema, er *Verdiar i lovverk og samfunn* omforent tema i arbeidet for eit 2024-jubileum. Det er dermed ikkje eit nytt kyrkjejubileum ein siktar mot, men eit jubileum for det verdi- og lovsystemet samfunnet vårt har utvikla seg frå. Ei nasjonal 1000-årsfeiring gjev oss høve til å drøfte samtidas verdiar og korleis Kristenrettane har forma Noreg. Lokalt på Bømlo kvalifiserer det oss til å forvalte arven etter dei nasjonsbyggande hendingane for nye generasjonar.

Bestillinga til forprosjektet er spesifisert slik:

#### **Forprosjektet skal:**

- Gje ei vurdering og anbefaling av ei tenleg organisering av eit hovudprosjekt
- Gje ei vurdering og anbefaling av tenlege selskapsformer for hovudprosjektet
- Identifisere tenlege partnerskap lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt og peike på aktuelle samarbeidsområde
- Tydeleggjere satsingsområdet «Verdiar i lovverk og samfunn» og identifisere korleis dette kan markerast lokalt, regionalt og nasjonalt innanfor høvesvis:
  - Barnehagesektoren
  - Grunnopplæringa
  - Vidaregåande opplæring
  - Barn/ungdom
  - Kunst- og kultur
- Vurdera evt. tingingsverk, utstillingar, konferansar, publikasjonar, m.m.
- Vurdera moglegheiter for FoU-arbeid
- Skissere grunnlag for profil og kommunikasjonsarbeid
- Identifisere og vurdere eksterne finansieringsmoglegheiter og økonomiske rammer
- Utarbeide ein framdriftsplan med milepålar for eit hovudprosjekt

Arbeidet i forprosjektet har vore gjennomført av ei styringsgruppe, ei arbeidsgruppe samt prosjektleiar.

## Styringsgruppe

Geir E. Aga	Rådmann i Bømlo kommune (Bk)
Per Morten Ekerhovd	Direktør kultur og idrett i Hordaland fylkeskommune (Hfk)
Bjørn Håvard Bjørklund	Kommunalsjef for oppvekst, kultur og idrett i Bk
Ronny Skaar	Utviklingssjef i kultur- og idrettsavdelinga, Hfk

## Arbeidsgruppe

Bjørn Håvard Bjørklund	
Geir E. Aga	
Per Morten Ekerhovd	
Ronny Skaar	
Svein Arne Theodorsen	Styreleiar i Moster Amfi
Ola Erslund	Styremedlem Moster Amfi
Linda Hellen	Styreleiar i Bømlo Teater
Øystein Kausrud	Dagleg leiar i Bømlo Teater

Arbeidsgruppa har hatt seks møter, inkludert eitt heildagsmøte. Brynjar Stautland vart tilsett som prosjektleiar i 40% stilling frå 1. april til 1.juli og har skrive rapporten i samarbeid med styrings- og arbeidsgruppa.

## 0.4 Oppsummering og tilråding

Styringsgruppa meiner at grunnlaget for eit nasjonalt jubileum for Kristenretten på Moster 2024 er til stades. Arbeidet har vore gjort iflg. bestillinga.

Styringsgruppa tilrår at dersom positivt vedtak i kommunestyre og fylkesting vert gjort, skal det stiftast eit nytt aksjeselskap for dette, eigd av Bømlo kommune og Hordaland fylkeskommune. Eigarskapet skal vera delt 50/50. Aksjeselskapet skal vera av ideell art, dvs ikkje betale utbytte, og ha som føremål å planlegge drift og avvikling av eit 1000-årsjubileum for Kristenretten i 2024. Selskapet skal ha kvalifisert styrerepresentasjon frå kultur- og næringsliv i tillegg til representasjon frå eigarane. Selskapet skal forankre jubileet i departement, academia, skuleverk og det offentlege medvitet, og syte for at aktivitet og varige verdiar rundt Moster Amfi og Moster gamle kyrkje er på eit høgare nivå etter 2024 enn i dag. Selskapet skal arbeide for at Moster Amfi og Kyrkjehistoriske Senter AS på permanent basis vert rusta til å formidle den politiske, kulturelle og åndelege dimensjonen etter hendingane på Moster knytt til Tora Mostrastong og Håkon den Gode (918-961), Olav Tryggvason sine messer i 995 og 997 samt Olav Haraldson og Kristenretten i 1024.

Selskapet skal ha aksjekapital på kr. 200.000,-. Drifta skal finansierast med årlege tilkot frå eigarane, statlege tilskot samt i nokon grad inntekter av arrangementa.

Selskapet skal avsluttast etter at oppgåva med arrangementet er løyst i 2024 og rapportar og rekneskap er levert. Det må lysast ut stilling som prosjektleiar frå januar 2019, og stilling og stab skal trappast opp iflg. den føreslegne milepårsplanen. Selskapet skal etablere kontor i januar 2019. Moster Amfi vert føreslege som lokalitet då det vil styrke miljøet i og rundt hovudarenaen for mange av aktivitetane som skal arrangerast i 2024 og åra før.

Born og unge skal vera ei hovudmålgruppe for jubileumsarrangementet. Dette skal vera førande for innhald og form.

Eit førebels overslag til budsjett er sett til kr. 20.000.000,- delt mellom basiskostnader og tiltakskostnader. Basiskostnaden, dvs drift og administrasjon i perioden 2019-2024 er vurdert til totalt kr. 9.000.000,- og vert føreslegen delt likt mellom Hfk og Bømlo kommune i årlege tilskot. Tiltakskostnadane er sett til 11.000.000,-. Denne kostnaden ligg det til driftsselskapet å søke ekstern finansiering av.

Styringsgruppa rår med dette til at Bømlo kommune og Hordaland fylkeskommune vedtek å saman arrangere eit 1000-årsjubileum i 2024 på grunnlag av framlagde rapport.

Bergen 23.08.2018

---

Per Morten Ekerhovd

---

Bjørn Håvard Bjørklund

---

Ronny Skaar

---

Geir E. Aga

## **DEL 1 LEGITIMITET**

### 1.1 På historisk grunn

Har eit riksjubileum på Moster i 2024, berre 29 år etter førre 1000-årsjubileum på same staden, historisk legitimitet? Det er grunnlag for å påstå at jubileet vil stå på svært solid grunn. Legitimering vert gjeven av Gulatingslova sin referanse til Kristenretten på Mostratinget, 900-årsjubileet på Moster i 1924 med HM Haakon VII tilstades, profesjonsutsegner frå dei åtte mest relevante fagpersonane innan medelalderhistorie, retts- og religionshistorie, samt politisk aksept m.a. frå kulturminister Helleland i Stortinget hausten 2017. Moster 2024 har vore tydeleg tilstades i forumet «Norge i 1000 år», Stiklestad Nasjonale Kultursenters (SNK) forsøk på å samle alle olavsjubilea i landet mellom 2020 og 2030 til ei felles nasjonal satsing fram mot 2030. Bjørgvin Bispedømme, Bispemøtet, Kirkerådet og Bjørgvins venskapsbispedøme Suddock i London er orientert av styreleiar i Moster Amfi Svein Arne Theodorsen ved fleire høve. Kongehuset er óg orientert av Theodorsen, og positive til å følge opp HM Haakon VII's feiring av Kristenretten på Moster i 1924. Styret for Moster Amfi har elles arrangert det årlege Moster 2024-seminaret sidan 2016, og hatt 2024 som tema i sine drøftingar sidan 2011. Sist men ikkje minst er forprosjektet og denne rapporten eit uttrykk for at Bømlo kommune og Hordaland fylkeskommune ser det som naturleg å vurdere ansvar for eit riksjubileum på Moster i 2024.


Følgande profesjonsutsegner som fagleg grunnlag for arbeidet vart gjevne i 2015:

#### **PROFESJONSUTSEGNENE**

Professor dr. philos Gro Steinsland: «MOSTER, starten på en ny tid»  
Professor Oddvar Johan Jensen: «Da Noreg var misjonsmark»  
Professor Jørn Øyrehagen Sunde: «Frå makt til rett -Kristenretten på Moster frå 1024»  
Professor dr. juris Ola Mestad: «Kristenretten- kva var det nye på Moster i 1024?»  
Professor dr. theol Torstein Jørgensen: «Moster og Mostratinget 1024-2024»  
Professor i kirkehistorie Vidar L. Haanes: «Hva var det nye i 1024?»  
Førsteamanuensis Torgeir Landro: «Hva var det nye i 1024?»  
Direktør for Nidaros domkirkes restaureringsarbeider, Steinar Bjerkestrand: «1014-1024, sentrale år i den unge Olav Haraldsons liv».

Dersom Bømlo kommunestyre og Hordaland fylkesting vedtek eit 1000-årsjubileum for Kristenretten på Moster i 2024, vil det fordre vidare forankring av jubileet i Kulturdepartementet, Utdannings- og forskningsdepartementet samt Justis- og beredskapsdepartementet. Likeeins i Stortingets presidentskap, academia (UiB, UiO, HV, NTNU, Forskningsrådet) samt lokale, regionale og nasjonale aktørar innan relevant historieformidling og kunst. Det bør arbeidast for å få jubileet inn som


kommentar til statsbudsjettet for 2020, og deretter med eigen, årleg budsjettpost fram mot jubileet. Det kan óg vera naturleg for Moster 2024-jubileet å oppretthalde representasjon i det nasjonale samarbeidsprosjektet «Norge i 1000-år» som skal samordne fleire Olavs-jubileer rundt om i landet i perioden 2020-2030.



H.M. Kong Haakon VII på 900-årsjubileet for Kristenretten på Moster i 1924. Foto: Kannelønning

## 1.2 Milepålar

Prosjektet har gjennomgått ein forprosjektfase som vart avslutta ved levering av denne rapporten. Dersom Bømlo kommunestyre og Hordaland fylkesting hausten 2018 vedtek å arrangere eit nasjonalt jubileum for Kristenretten i 2024, vil hovudprosjektet starte i januar 2019 og avsluttast etter endt jubileum og etterarbeid i 2024.





## DEL 2 ORGANISERING

Eit arrangement som Moster 2024 er eit offentleg ansvar som kan organiserast på fleire måtar. Kompleksiteten i dette prosjektet, kravet til spesialkompetanse samt omsynet til økonomisk risiko gjer det verdt å vurdere organisering av prosjektet i ei eiga juridisk og ansvarleg eining.

### 2.1 Selskapsformer

Ulike alternativ blir i det følgjande presentert og deretter vurdert på grunnlag av innhald og erfaringar.

**Stifting:** Selskapets objekt er forventa å ha evigvarande liv/drift. Stiftinga må få ein formuesverdi overført (t.d. testamentert) til seg, og stiftinga sitt ansvar er å forvalte denne. Formuesverdien kan ikkje lånast. I tillegg må offentlege stiftingar ha ein grunnkapital på kr. 200.000,-, som kan utgjerast av formuesverdien. Ei stifting er eigarlaus. I prinsippet kan Moster Amfi og Kyrkjehistoriske Senter AS sitt anlegg leggjast inn som formuesverdi.

**Interkommunalt selskap (IKS)** er ei organisasjonsform som høver for felles selskap der to eller fleire kommunar, fylkeskommunar eller kommunale/fylkeskommunale selskap er eigarar. Selskapet kan ikkje gå konkurs då eigarane har uavgrensa ansvar for selskapet sine forpliktelsar. Selskapets øvste mynde er Representantskapet, der eigarane er representerte. Representantskapet vel eit styre som har ansvar for forvaltninga av selskapet ilag med dagleg leiar. IKS må ha ein innskotskapital. Det har imidlertid i lengre tid vore diskutert i kva grad bruken av IKS kan representere brot på EØS-regelverket om ulovleg statsstøtte. I ein situasjon der Kommunal- og moderniseringsdepartementet har teke initiativ til ei lovending for å unngå at selskapsforma IKS skal kunne representere ulovleg statsstøtte, vil det, inntil lovendingane er vedtekne, ligge føre uvisse knytta til framtidig lovregulering og ramevilkår. Ein må óg gå ut frå at potensielle långjevarar og andre sentrale kontraktspartar vil innta ei reservert haldning tildess situasjonen er avklart.

**Aksjeselskap (AS)** er den mest vanlege selskapsforma i Noreg. Selskapet vert leia av eit styre som har det overordna ansvaret for selskapets økonomi, og som tilset dagleg leiar. Eigarane heftar med sin innskotne aksjekapital (og styremedlemene personleg dersom uaktsomhet). Selskapet må betale 27% skatt av overskot. AS må betale arbeidsgjevaravgift og utarbeide årsrekneskap, noko som medfører rekneskapsutgifter. Ved omsetjing over 5 mill. krevst revisor. Krav til aksjekapital er kr. 30.000,- men som prinsipp bør as-kapitalen dekke avviket mellom budsjettert kostnad og inntekt. Eit «Moster 2024 AS» vil truleg kunne formulere vedtektene sine slik at selskapet vert unnateke skatt, men då kan det heller ikkje utbetale utbytte. Kommunale garantiar vil vera eit alternativ til stort aksjekapital og vil trygge leverandørane. Avvikling av aksjeselskap er elles enklare enn td. for ei stifting.

**Kommunale prosjekt** tek ikkje høgde for risiko på anna vis enn at kommunen har ansvaret. Steinriktet Bømlø var eit kommunalt prosjekt i Bømlø. The Tall Ships Races Stavanger 2018 vert arrangert av Stavanger kommune, medan sjølve Tall Ships Races er ein ideell organisasjon for ungdom og segling og med medlemmer over heile

verda. Luther-jubileet i Bergen var organisert som eit prosjekt eigd av Bjørgvin Bispedømme men i samarbeid med kommunen.

**Kommunalt føretak (KF).** Dersom Bømlo kommune skulle vera eine-eigar av prosjektet, kunne ein vurdere jubileumet som eit kommunalt føretak. Då er det juridisk underlagt kommunens organisasjonsnummer, men får eit bedriftsnummer i kommunen. Kommunestyret skal ha rekneskap for drifta, og kommunen står ansvarleg for eit eventuelt underskot. Bømlo Kulturhus er td. eit kommunalt føretak. Bergen Vann er det einaste kommunale føretaket i Bergen p.t.

## 2.2 Erfaringar

1995-jubileet «Kyrkja i Noreg 1000 år» var organisert som ei stifting. Organisasjonen auka etterkvart som gjestelister og talet på arrangement vaks meir enn forventa. Fleire personar frå Bømlo kommune, Hordaland fylkeskommune, Samarbeidsrådet for Sunnhordland samt eit profesjonelt team på tre personar frå Kulturarrangement Lillehammer styrkte avviklinga av sjølve jubileumshelga. Eit økonomisk underskot på om lag kr.1.000.000,- prega i etterkant det elles svært vellukka arrangementet.

Grunnlovsjubileet i 2014, eit nasjonalt jubileum med samanliknbart tema, var bestilt av Stortinget, forskingsbasert og i stor grad finansiert over ordinære budsjett (40 mill). Stortinget hadde det overordna ansvaret, og hadde oppnemnt ein komité for planlegging og koordinering. Komiteen hadde nedsatt et arbeidsutvalg på Stortinget som forestod det daglege arbeidet med førebuingane til jubileet. Til støtte for arbeidsutvalgets arbeid var det etablert eit sekretariat. Stortinget finansierte berre festen på Eidsvoll som eiga løyving.

Ibsenåret i '06, Griegjubileet i '07, Ungdoms-OL og SKiVM '11 var alle organisert som offentleg eigde aksjeselskap. Hauge-Tveitt-jubileet 2008 likeeins, med 8.000.000,- i budsjett. Stiklestad Nasjonale Kultursenter er óg eit aksjeselskap. Sykkel-VM i Bergen i 2017 var organisert i aksjeselskapet Bergen2017. Fjordsteam 2018 er arrangert av Fjordsteam Bergen AS, eigd av fleire historielag i Bergen.

## 2.3 Vurdering av samarbeids- og selskapsform

Når det gjeld samarbeid kan det skiljast i tre alternativ;

- A) eigarskap
- B) fagleg samarbeid
- C) økonomisk stønad.

I pkt. 2.3 er det eigarskap og styrerepresentasjon som blir vurdert.

**Interkommunalt selskap** er ei usikker organisasjonsform inntil avklaring om reglane for slike er gjort. Det vert difor ikkje rådd til å bruke denne organiseringsforma no.

**Stifting** blir sjeldan nytta i så store prosjekt som Moster 2024 vil bli, og har ingen sterk eigar som eit slikt prosjekt vil måtte ha. Det er i utgangspunktet heller ikkje tenkt at prosjektet skal vidareførast etter 2024, jmf. stiftingsforma sitt føremål om evig drift. Ei stifting er elles relativt omfattande å avslutte, slik det er føresett at driftsselskapet for jubileet skal avsluttast i 2024.

**Kommunalt prosjekt og Kommunalt føretak;** dersom fylkeskommunen er medeigar i prosjektet vert eit kommunalt føretak mindre relevant. Jubileet vil ha eit budsjett av ein storleik som gjer denne forma risikabel.

**Aksjeselskap.** Fleire store norske kulturjubileum har vore organiserte som offentleg eigde, ideelle aksjeselskap. I større grad enn stor aksjekapital blir då årlege og vedtekne tilskot frå eigarane viktig, samt garantiar. Storleiken på eit prosjekt som Moster 2024 vil krevje eit styre samansett av personar med relevant, profesjonell kompetanse.

Aksjeselskap vert av styringsgruppa vurdert som den mest tenlege organiseringsforma for gjennomføringa av Moster 2024-jubileet. Det vart undervegs i prosessen vurdert om prosjektet kunne leggjast til eksisterande Moster Amfi og Kyrkjhistoriske Senter AS (MA) under føresetnad av naudsynt økonomi og eit kvalifisert prosjektstyre. Storleiken på jubileet vil imidlertid medføre økonomisk risiko som ville vedgått MA, samtidig som MA ynskjer å gjennomføre eigne investeringar fram mot jubileet.

### 2.3.1 Moster 2024 AS (*nytt selskap*)

Som følge av risikovurderinga tilrår styringsgruppa med dette til at det vert oppretta eit eige aksjeselskap til drift av jubileet, med Bømlo kommune og Hordaland fylkeskommune (Vestland fylkeskommune) som eigarar. Selskapet skal leggjast ned etter at arrangementet er avslutta og rapportert i 2024. Styret bør i tillegg til politisk representasjon vera samansett av aktørar med erfaring frå næringsliv, akademia, politikk, kyrkje og kulturliv samt offentleg forvaltning. Drifta må primært finansierast av offentlege tilskot og garantiar, deretter sponsormidlar og billettinntekter. Mange av tiltaka i feiringa må forventast å ha eiga finansiering. Selskapet må ha dagleg leiar med god erfaring frå kultur- og næringsliv. Når det gjeld stillingsprosent er det naturleg at den er 50% i 2019 og aukar til 100% frå hausten 2021 til og med jubileet. Det vil vera trong for vesentleg styrking av staben i 2023 og '24.

Det er naturleg at både MA og Bømlo Teater (BT) blir representert i styret i tillegg til eigarane. MA på grunn av si rolle som turistanlegg, formidlar av kyrkje- og bergverkshistoria, hovudarena for jubileet samt den rolla styret har hatt som pådrivar for jubileet. Bømlo Teater er med si erfaring som kulturoperatør, publikumsleverandør og samarbeidspartner for MA samt rolle som både eigar og forvaltar av omliggande eigeidom, høgst relevant som styremedlem i driftsselskapet. Ein kan óg ha i mente at «det gamle» Bømloteateret var grunnleggjaren av Mostraspelet som var eit sentralt premiss og grunnlag for 1995-jubileet.

## 2.4 Aktuelle støttespelarar

Følgande er relevante i utviklinga av eit nasjonalt jubileum i 2024:

1. Kulturdepartementet, Forsknings- og utdanningsdepartementet, Justis og beredskapsdepartementet.
2. Hovudkomite. Ein av suksessfaktorane bak etableringa av 1995-jubileet var eit profilert råd som opna dører og framsnakka jubileet i ymse sentrale fora. Det vert rådd til å invitere til ein slik Hovudkomite for Moster 2024 også.
3. Akademia og høgskular som UiO, UiB, NTNU, Høgskulen på Vestlandet og Forskningsrådet.
4. Norges nasjonale Institusjon for menneskerettigheter.
5. Norsk Senter for menneskerettigheter (UiO)
6. Sparebanken Vest, SR-banken, DNB (gåvefonda).
7. Kommunale- og fylkeskommunale garantiar (alternativ til aksjekapital)
8. Nettverket av fylkeskultursjefar
9. Landslovjubileet i Bergen 2024
10. Norge i 1000 år

De finnest elles ei rekke andre aktuelle samarbeidspartnarar m.o.t. seminar, kulturproduksjon, logistikkompetanse etc som bør og må engasjerast ved behov. Ei feiring av Gulatinget i 2025 vil det óg vera naturleg og fruktbart å søke samarbeid med. Det er likevel naturleg å drøfte pkt 10, «Norge i 1000 år» noko grundigare:

### 2.4.1 NORGE i 1000 år

Mange bygder rundt om i Noreg vil feire hendingar knytta til nasjonalikonet Olav Haraldson i perioden 2020-2030. Ikkje minst på Stiklestad der Stiklestad Nasjonale Kultursenter legg opp til eit storslege riksjubileum i 2030. SNK har difor teke initiativ til satsinga «Norge i 1000 år», tenkt som ei felles, nasjonal profilering og forteljing om dei statsdannande hendingane rundt om i landet mellom år 1020 og 1030. Målet har óg vore ei statleg med-finansiering av dette arbeidet i 10-årsperioden, både på lokalt og nasjonalt plan. Deltakarane i denne diskusjonen har vore Hundorp («Klubbeslaget») 2021, Eidsivatinget 2022, Landslovjubileet i 2024 (750-årsjubileum), Moster 2024 og Stiklestad 2030. Tusenårsstaden Gulatinget vurderer óg ei markering i 2025. Reaksjonen frå dei andre jubilantane har vore prega av noko skepsis, ikkje minst frå våre delegatar som ser på Moster 2024 som eit sjølvstendig nasjonalt jubileum av jamstelt format som Stiklestad 2030. Kulturminister Skei Grande meldte elles i møte med SNK i april 2018 at ei overorda, felles nasjonal satsing frå 2020 til 2030 i det formatet som vart presentert, blir for krevjande. Samstundes vart det oppfordra til å inkludere ei rekke andre identitetsskapande jubileum i ei nedskalert overbygning, td. 200-årsjubileet for Henrik Ibsens fødsel i 2028. Kva konsekvensar signala skal få, og kven som skal vera med er difor enno i utvikling. Moster 2024 er framleis med i diskusjonen. Positive endringsforslag

kom fram i eit møte med alle «jubilantane» på Gardermoen 19. juni, både m.o.t. tematikk og profilering.


Ein bør ha i mente at eit slikt jubileum kan virke i overkant nasjonalpatriotisk, spesielt i vår samtid med innvandring som hyppig tema i samfunnsdebatten. «*Typisk norsk- ikkje berre norsk*» er drøfta som utsagn for å synleggjere aksept av eit internasjonalt perspektiv i vår danning som nasjon. Inkludering av nye landsmenn må vise igjen i samansetjinga av arbeidsgrupper, feiringar etc. Det hadde elles vore sjølvmotseiande å framstå nasjonalistiske i ei feiring av at impulsar frå utlandet gav oss nye verdiar som vårt lovverk er basert på. Moster 2024 si deltaking i *Den store samtalen om Noreg* mellom 2020 og 2030 bør i utgangspunktet vera interessant for eit jubileum med vår bakgrunn. Men det er tydeleg gjeve uttrykk for frå Hfk og Bømlo kommune si side at budsjettmidlane vil bli prioritert til Moster 2024-jubileet. Hovudprosjektet må følge opp og ta stilling til dette arbeidet etter kvart som det utviklar seg. Det vil elles óg vera naturleg at jubileet framleis skal vera tema i det etablerte nettverket av fylkeskultursjefar.



*SNK's utkast til profilering av ein samordna overbyggnad av jubilea mellom 2020 og 2030, her med Moster i sentrum. Det er elles gjeve klart uttrykk for at «Nasjonaljubileet 2030» vektar Stiklestad for mye slik det står no. Dette må endrast for at det skal vera interessant for dei andre jubilantane.*

## 2.5 Organisasjonskart

Skjematisk kan eit nytt aksjeselskap sjå slik ut:



## 2.6 Tidlege oppgåver

Ei tidleg oppgåve for jubileumssatsinga blir å engasjere ein personellressurs i ei deltidstilling samt å etablere kontor på høveleg stad. Alternativa til plassering av eit hovudkontor på Bømlo er Moster Amfi, Bømlo Rådhus og Bømlo Kulturhus. Samarbeid må etablerast lokalt, regionalt og nasjonalt, avtalar etablerast med akademia, drive planlegging på stadig grundigare nivå, drive politisk lobbyverksemd og orientere eigarar og styre. Moster 2024-jubileet må etablerast i det offentlege medvitet, lokalt først, deretter regionalt og nasjonalt.

PR-plan og profil må vera ei prioritert oppgåve tidleg i hovudprosjektet. Temaet for jubileet er alt etablert; *Verdiar i lovverk og samfunn*. Ein Moster 2024-logo må fortelje med få ord kva jubileet gjeld, og eit konsept bør formulerast som førande premiss for aktivitetar eigd av prosjektet. Ein må lukkast i å skilje Moster 2024-jubileet frå både 1995-jubileet og Stiklestad 2030. Dersom den nasjonale overbygninga for jubilea i periode 2020 til 2030 kjem på plass og Moster 2024 vél å vera med, må det vera synleg i profilen. Utarbeiding av kommunikasjonsplan og grafisk profil vil vera viktige oppgåver framover.

## 2.7 Økonomi

1995-jubileet kosta ca. 17.000.000,- inkludert utbygginga av Moster Amfi og der den siste millionen var eit underskot. Ein fekk elles tilskot frå fylke, bispedøme og fleire private aktørar. Det var godt billettsal til alle arrangementa. Mange av dei 84 arrangementa i løpet av jubileumsfeiringa føregjekk utan at økonomien vedgjekk stiftinga, dvs utanom budsjett.

Andre arrangement som kan vera relevante å samanlikne med m.o.t. budsjett er følgjande:

Reformasjonsbyen Bergen:	kr. 2.000.000,-
Olav H. Hauge-jubileet:	kr. 8.000.000,-
Grunnlovsjubileet 2014	kr. 40.000.000,- dekkja over eksistrande budsjett (forskning). Kun festforestillinga dekkja av Stortinget.
Ibsenåret 2006:	kr. 40.000.000,- over 4 år (4 mill. til Ibsenmuseet), finansiert av Kultur og kirkedepartementet.

## 2.7.1 Budsjett

Eit førebels overslag for kostnadane for jubileumsfeiringa Moster 2024 er kr. 20.000.000,- Budsjettet kan delast i basis- og tiltakskostnader slik:


### A) Basis-kostnader:

Med det meinast hovudsakleg prosjektleiing, planlegging og administrasjon. Med utgangspunkt i pkt 2.6 vil kostnadane for basisorganisasjonen vera på omlag 800.000,- pr. år frå 2019-2021 med prosjektleiing i deltid. Frå 2022 til 2024 kan det bli behov for to heile stillingar og med vesentleg større stab i 2024. Samla basiskostnader for 2019 -2024 vil dermed bli omlag kr. 9.000.000,-.


### B) Tiltakskostnader:

Med eit totalbudsjett på 20.000.000,- står det att kr. 11.000.000,- til tiltak som jubileumsfest, monument, bøker, kunstuttrykk og læreverk (pkt 3.1). Ei utbygging og eventuelt ny utstilling i Moster Amfi er ikkje teke med som del av dette tiltaksbudsjettet. Likeeins vil det vera naturleg å søke samarbeid med privat næringsliv om nokre av arrangementa.

#### **Basiskostnader (totalt: kr. 9.000.000)**



#### **Tiltakskostnader (totalt: kr. 11.000.000)**





## 2.7.2 Finansiering

I sin natur er dette eit nasjonalt jubileum som det er naturleg at får offentleg grunnfinansiering frå lokalt, regionalt og nasjonalt hald då det gjeld basisorganisasjon og -kostnader. Dette for å sikre kontinuitet og trygghet for dei tilsette. Deler av tiltaka er også naturleg å finansiere offentleg, som td. undervisningsmateriell, gjestemottaking og infrastruktur på Moster. Forsking vert søkt via eksisterande budsjett i academia, men med søknadar om styrking av desse. Det bør arbeidast for statleg bevilling over fleire år til jubileet frå dei tre relevante departementa Kultur-, Forsking- og Justis- og beredskapsdepartementet.

Styringsgruppa ser føre seg kostnadsdeling lokalt, fylkeskommunalt og nasjonalt slik:

Bømlo kommune	kr. 5.000.000,-
Hordaland fylkeskommune	kr. 5.000.000,-
Nasjonale budsjett	kr. 10.000.000,-

Tiltak som festprogram, utstilling, bestillingsverk etc bør søkast gjennomført i samarbeid med private aktørar. Det kommersielle potensialet må utreidast nærare og knytast til avtalestruktur og rameverk som sikrar at grunnidé og profil vert ivareteken.



## DEL 3      INNHALD I JUBILEET

Innhaldet i jubileet må strekkje seg over vesentleg lengre tid enn sjølve jubileumshelga i 2024. Forskingsarbeida vil trenge meir tid, likeeins trengs kontinuerleg arbeid gjennom fleire år i ymse arrangement, medier, prosjekt og undervisning for å setje jubileet i kontekst. Born og unge som hovudsatsingsområde vart tidleg lagt som premiss for arbeidet, er i tråd med visjonen for Regional Kulturplan for Hordaland 2015-2025 og har fått positive tilbakemeldingar i dei fora jubileet har vore presentert. Moster Amfi vil ha ei naturleg rolle som ressurs i dette arbeidet gjennom perioden. Jubileets tematikk gjev gode føresetnader for å følge opp visjonane i Hordaland fylkeskommunes Regionale Kulturplan om m.a. yringsfridom og satsing på born og ungdom.

## 3.1 Tiltak

Føreslegne tiltak A-B-C-D er kategorisert i lokale, regionale og nasjonale tiltak, og fokus på born og unge vert føreslege som eit premiss. Satsingsområdet «Verdiar i lovverk og samfunn» må elles tydeleggjerast i markeringane innanfor høvesvis:

- A) Barn og unge. Korleis knytte «verdiar i lovverk og samfunn» til barn og unge i Barnehagesektoren, grunnskule og vidaregåande opplæring?
- B) Kunst og musikk.
- C) Den faglege samtalen (bøker, Moster 2024-seminara, Litteraturhuset i Bergen, forskning, skriftkultur (vestlandsdiploma)
- D) Jubileumsfest 31.mai-01.juni 2024. Kongehuset representert.

### 3.1.1. Lokale tiltak

Ambisjonen er å mobilisere heile lokalmiljøet på Bømlo under og før jubileumsfeiringa, slik det óg vart gjort under 1995-jubileet. Dette i form av undervisande aktivitetar og styrking av identitet, byrgskap og audmjuk haldning til korleis historia har blitt påverka utanfrå og utvikla seg. Dette skal skje i grunn- og vidaregåande skule, lag- og organisasjonsliv og vonleg i kvar enkelt innbyggjar i kommunen. Døme på arenaer for aktivitet og samarbeid er følgjande:

- **GRUNNSKULEN**  
Lokalhistorie  
Kva er verdiane i vår tid?  
Implementering av ny læreplan frå 2020
- **KULTURSKULEN**  
Ny rammeplan  
Samarbeidsprosjekt med grunnskule og andre kulturskular i Sunnhordland. Tema: «møtet med den andre»
- **DEN KULTURELLE SKULESEKKEN**  
Samarbeid med musea  
Samarbeid med kunstnarar om bildande kunst, film, lyd, digital musikk
- **BIBLIOTEKET**  
Nye lokaler i Kulturhuset, ny rolle, møteplass og debatt/kulturarena.
- **SAMARBEID**  
Sunnhordland Museum, Halsnøy Kloster, Fartein Valen-senteret.  
Stimuleringsmidlar til lag og organisasjonar.

- **MOSTER 2024-SEMINARET**  
Årleg hending lagt til Mostraspelshelga. Verdidebatt, økumeni og det internasjonale perspektivet er relevante tema. I 2019 bør tema og redaksjon for ei jubileumbok vera på agendaen.
- **1000-ÅRSMONUMENT**  
Moster gamle kyrkje har stått i snart 1000 år, og er eit særeige og unikt monument. Korsen på Vetahaugen vart sett opp til 900-årsjubileet og står støtt med minimalt vedlikehald. Kva skal 1000-årsmonumentet anno 2024 bli? Eit varig monument av vår tid kan ha kraft og evne til å setje jubileet på dagsorden i heile landet og for lang tid. Ein kvalifisert komite bør etablerast i samarbeid med lokal representasjon.
- **UTSTILLING I MOSTER AMFI**  
Nytt rom med utstilling med lovsystemet som tema? Ny pres.teknologi.
- **INFRASTRUKTUR MOSTERHAMN**  
Ny gjestehamn m. båt- og bobilfasilitetar, Tollhagen, hamnepromenade, parkeringsfasilitetar. Tiltak på og rundt Vetahaugen som td. Rosehageprosjektet og Mulighetsstudie Øst bestilt av Moster Grendautval. Innspel til revisjon kommuneplanen.
- **GUDSTENESTER i Moster Amfi.**  
Bygge opp årlege preiker mot 2024.
- **FESTPROGRAM MOSTER 1.juni 2024:**  
Kongevitjing, kyrkjeleg og økumenisk representasjon, Mostraspelet «I slik ei natt», gudsteneste, fokus på og feiring av Moster gamle kyrkje, avduking 1000-årsmonumentet, ny utstilling i MA, digitale forteljingar, utanlandsk representasjon (England, Russland, Vesterhavsoyane), tv-distribusjon, kystkultur-, viking- og middelaldermiljø invitert til Moster jubileumshelga.


### 3.1.2. Regionale tiltak

Av regionale tiltak legg jubileet til rette for ei styrking av samarbeidet mellom «kongsgardane» Avaldsnes, Moster, Fitjar, Etne og Håkonshella, spesielt med tanke på reiseliv knytt til viking- og middelaldertematikken. Kan felles framstøt mot ymse marknader vera strategisk? Dersom opplevingsparken Thors Rike vert realisert i Sveio vil det óg kunne vitalisere interessa for den autentiske historia i regionen. Eit samarbeid med Gulen med tanke på lovverk og tingstader er likeeins tematikk der samarbeid kan gje positive resultat for td. reiseliv. Samarbeid med Landslovjubileet i Bergen har felles tematikk der eit samarbeid vil styrke begge arrangementa. Likeeins vil det vera naturleg å søke samarbeid om prosjekt med Hordaland Teater og Festspela i Bergen. Regional Kulturplan for Hordaland (Premiss:Kultur) vil vera vegleiarande dokument.

### 3.1.3 Nasjonale tiltak

Nasjonale tiltak må utviklast i hovudprosjektet innan faglitteratur, læreverk og kunstneriske uttrykk i alle sjangrar. Følgande er aktuelle døme:

- **UNDERVISNINGSMATRIELL**  
Matriell tilrettelagt for undervisning på ulike trinn og medier. Samarbeid med Høgskulen på Vestlandet, Kulturtanken, DKS og UKM. Den nye læreplanen av 2020 skal representere eit verdiløft, og 2024-jubileet er høgst relevant.
- **DIAKONI**  
Plan for jubileumstematikken i trusopplæringa (frå 2019?).
- **DEN FAGLEGE SAMTALEN; JUBILEUMSBOK**  
Rettshistorisk men med interesse for ålmenta. Temaet må definerast av redaksjon og relevante akademi.
- **DEN FAGLEGE SAMTALEN; FORSKING.**  
Kristenrettens påverknad på vår tid, samordna med bokprosjektet? Når det gjeld omfanget er følgande nemnt i samtalar med redaksjonskandidatane Jørn Ø. Sunde og Ola Mestad: tre stipendiatar over tre år og ca 10-15. mill i budsjett. Samarbeid UiO, UiB, NTNU, Forskningsrådet.
- **MOSTER GML KYRKJE**  
Kven bygde den, og når? Forskningsprosjekt og bok v/ Ø.Ekroll m.fl.
- **TINGINGSVERK MUSIKK**  
Etablere redaksjon for bestilling.
- **TINGINGSVERK DANS**  
Etablere redaksjon for bestilling. Urpremiere i Operaen i Oslo, mai 2024?
- **DEI UNGES STEMME**  
Oppbygd frå 2019, tilpassa spin-off av Moster-seminaret, ulike kulturuttrykk, samarbeid Kulturskulen.
- **RANTZAU-BOKA til Moster**  
Dette er dei eldste sidene av Gulatingslova, arkivert ved Det Kongelige Bibliotek i København. Boka skal på utlån til Oslo i 2024. Utstilt på Moster i jubileumshelga?



Rantzau-boka

## 3.2 Etter jubileet

Eit mål med jubileet skal vera å skape drøftingar i skule og samfunn om vårt verdigrunnlag i den brytningstida me lever i. Samstundes skal det bli eit varig løft for Bømlo, Moster Amfi og den nasjonsbyggande historia som ligg her. Aktivitetsnivået må bli svært høgt i 2024. Men enno viktigare er at aktivitetsnivået i Moster Amfi frå 2025 og vidare vert vesentleg høgare enn i 2018.

Det er ein naturleg ambisjon for Moster Amfi og Kyrkjehistoriske Senter (MA) å påta seg eit nasjonalt ansvar for den historiske arven på Moster etter jubileet i 2024. I denne samanhengen bør ein vurdere innlemming av MA i det nasjonale museumsnettverket, i praksis Noregs svar på eit Nasjonalmuseum. Det vil styrke både formidling, forskning og fornying. Dette bør ein ta stilling til tidleg i løpet mot 2024.

Moster gamle kyrkje er eit snart tusenårig symbol på dei hendingane som fann stad her rundt år 1000, krossen på Vetahaugen står att etter 900-årsjubileet for Kristenretten i 1924, og utstillinga i Moster Amfi står att etter 1000-årsjubileet i 1995. Kva ynskjer me at at skal stå att på Moster etter 2024? Det er vår tids ansvar å markere 1000-årsminnet om Kristenretten, og gjera den relevant for Noreg og synleg på Moster for nye generasjonar.



oo0oo